



Steinar Myklebust: - Dette er rette tida å starta eit reiselivslag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Steinar Myklebust på Rabben Feriesenter i Uskedalen er positiv til vedtaket i formannskapet om å skipa eit nytt reiselivslag i kommunen. Vedtaket vart gjort torsdag med fem mot fire røyster etter forslag frå ein anna uskedeling, Torfinn Myklebust (Innbyggjarpartiet)

Steinar seier det slik til Kvinnheringen:

- Vi har alltid vore positive til eit lokalt reiselivslag "
- så lenge kommunen ikkje blandar seg inn. Då blir det ingen ting av det.

Myklebust meiner at eit litt lag må organiserast som eit styre med representantar frå fleire bygder og med ein dyktig og kompetent sjef.

- I så fall vil vi vera med og betala. Dette er rette tida å starta eit reiselivslag, seier Steinar.

Også Arne Havnerås i Rosendal og Kurt Henriksen på Halsnøy er positive til eit nytt lag.